

Årsrapport for Vikøy sokneråd 2020

Samansetnaden av Vikøy sokneråd:

Ingvill Sørheim (leiar)
Astrid Helleve Fylkesnes (nestleiar)
Solfrid Storaker Lindøy (skrivar)
Eimund Solsvik (kasserar)
Helga Sørhus
Trude Vestbø
Ingegjerd Pedersen Lid
Sigrid Karoline Eriksen-Tufteland (fram til 1. aug. 2020)
Oddbjørn Vestbøstad (frå 1. august 2020)

Varamedlemmer:

1. Elin Vestbøstad

Arbeidsutval:

Arbeidsutvalet for soknerådet har vore samansett av sokneprest, leiar og nestleiar. Kasserar vert kalla inn ved behov.

Soknerådet sine representantar i Kvam kyrkjelege fellesråd

Ingvill Sørheim – Personleg vara: Eimund Solsvik
Astrid Helleve Fylkesnes – Personleg vara: Trude Vestbø

Andre faste oppgåver 2020

Kjøkkenansvarleg: Berit Skutlaberg. Ho held fram vidare.
Soknerådet sin representant i Føremiddagstreffet: Eimund Solsvik og Helga Synnøve Sørhus
Kontaktpersonar for Kirkens Nødhjelp: Ingvill Sørheim
Bibelkontakt for soknerådet: Ingen fast representant.
Soknerådet sin representant i representantskapet til Kirkens SOS Bjørgvin: Ingvill Sørheim

Soknerådet sitt arbeid:

Soknerådet har hatt 6 (7) soknerådsmøte og 6 (7) arbeidsutvalsmøte i 2020. Grunna koronapandemien blei kyrkjelyden sitt årsmøte i mars avlyst, men årsmeldinga kunne lesast og lastast ned frå heimesida til kyrkja i Kvam. Ein kortversjon vart også publisert i kyrkjebladet.

44 (55) små og store saker er blitt handsama. Av viktige saker kan nemnast:

Årsmelding og rekneskap
Barne- og ungdomsarbeidet i kyrkjelyden/trusopplæringa



Offersøknader
Koronarestriksjonar og digitale sendingar
Gudstenester under pandemien
Tilstellingar (t.d. konfirmantfesten)
Føremiddagstreff
Temakveldar
Høyringsfråsegn om valordning ved kyrkjeval

I 2020 har ein forsøkt å halde fram med dei trusopplæringstiltaka som har vore etablert nokre år no. Grunna koronasituasjonen har nokre av tiltaka gått ut både på våren og på hausten. Trusopplæringsplanen er ambisiøs med tiltak i alle årsklassar. Slik ressursituasjonen har vore i 2020 har ein ikkje kapasitet til å sette i gang med fleire nye tiltak utan at det vert gjeve meir tilskot i form av større stillingar eller meir frivillig hjelp for at dette skal gå opp.

Tilsette/staben i Vikøy sokn:

Kyrkjeverje/dagleg leiar: Sigrid Karoline Eriksen-Tufteland frå 1. 8.2020
Vikar for kyrkjeverja: Hans Soldal (frå 1.8.2019-31.7.2020)
Sakshandsamar: Anne Kari Sørheim
Sokneprest: Roar Strømme
Kateket: Mampion Andriamandimby (svangerskapspermisjon frå 1.1.2020, 50% frå 1.8.2020)
Prestvikar: Marna Roer (20%)
Eivind Daniel Røed: 10% (konfirmantlærer i Øystese) frå 1.11.2020
Diakonmedarbeidar: Sigrid Karoline Eriksen-Tufteland. Vikarierer noko for Mampion frå 1.1.2020 og fram til 1.8.2020.
Kyrkjelydspedagog: Solveig Lønning Sangolt
Vikarar i trusopplæringa: Marta Bergesen Gravdal, Kari Ålvik og Anne Kristin Aasen Gjerstad
Organistar: Margrete Lid Kjosås og Sevinj Asgarova Øvrehus
Kyrkjetenar: Franckie Mario Andrianaivo
Arbeidsleiar på kyrkjegarden: Heine Ugletveit

Frivillige medarbeidarar (frivillige innanfor diakoni og sundagsskule er omtalt seinare):

Om lag 80 personar deltek med frivillig arbeid i kyrkja. Rundt 30 (30) personar har gjort teneste som medhjelpar eller kyrkjevert i samband med gudstenestene. Fleire har delteke med song og musikk. Berit Skutlaberg og Solveig Norheim har hatt ansvar for 5 minnesamvær i januar og februar 2020 i regi av soknerådet. I tillegg har Heidi Helgheim teke ansvar for fleire minnesamvær resten av året. Ein person har teke på seg å ordna med blom på altaret i Norheimsund kyrkje på høgtidsdagar. To personar hengjer opp plakatar i Norheimsund og Vikøy når det er gudstenester.

Arbeidet i kyrkjelyden (2019-tal står i parentes)

Det blei halde 25 (32) gudstenester på vanlege sundagar og heilagdaggar med til saman 2085 (5467) personar til stades. Utanom dette har det vorte halde 2 gudstenester på sundagar og helgedagar. 208 (510) personar har møtt fram. Prestane held også jamleg andaktar på institusjon eller aldersheimar. Til saman utgjer dette 27 gudstenester totalt med eit oppmøte på 2293 (5799) personar. Me veit at talet på framførte har variert alt etter kor mange ein har hatt lov til å samle etter 12. mars (nedstenginga), og 8 av gudstenestene har vorte avlyste. Å snakke om eit gjennomsnittstal for 2020 samanlikna med 2019 vert difor lite hensiktsmessig. Kyrkja har elles laga til mange digitale gudstenester på sundagar det ikkje har vore vanlege gudstenester i kyrkja. Tidleg i pandemien produserte Vidar Sangolt desse gudstenestene, men i den seinare tida har ein kjøpt inn noko utstyr til å produsere på eiga hand. Kyrkjetenar Franckie Mario Andrianaivo har såleis filma og produsert desse gudstenestene.

22 (25) er blitt døypte, og 28 (30) ungdommar blei konfirmerte. 5 (6) par er blitt vigde, og 33 (20) personar er blitt gravlagde.

Talet på døypte og på konfirmantar er i same tidsrom meir stabilt.

Trusopplæringa

I samband med dåp har presten dåpssamtale med alle som døyper borna sine.

Både vår og haust 2020 arrangerte kyrkjelyden babysong med 15 deltakarar på våren og 11 om hausten. Også småbarnstreff (1-6 år) har vore arrangert med ca. 9 deltakarar (36 %). Her er det 2-åringane som er den reelle målgruppa. På vårparten kom 12 3-åringar på «Krølletreff» (44 % av borna i målgruppa), og 35 4-åringar (85 %) kom på familiegudsteneste og takka ja til boka si. 24 barn (69 %) fekk utdelt 6-årsboka i juni. På Legoklubb for 7-åringar kom 10 born (24%). Her fekk borna byggje bibelforteljingar i Lego og ete kveldsmat i lag; eit svært kjekt arrangement som fekk ei samling før koronanedstenginga kom i mars!

Både vennefesten i samband med Halloween 31. oktober og trusopplæringstiltaket Lys vaken blei avlyst grunna koronasituasjonen. Gledeleg var det likevel at sjølve familiegudstenesta i samband med Lys vaken vart gjennomført. Denne var eit samarbeid mellom Norheimsund Indremisjon og Vikøy sokneråd. Barnekoret Shine var med og song på den gudstenesta i kyrkja og samla om lag 140 menneske. Husbandet på bedehuset hadde ansvar for det musikalske, og Herdis Austevoll hadde andakt.

Sundagsskulen sitt arbeid «Sprell levande» har også vore hardt råka av koronasituasjonen. Det har i liten grad (2-3 samlingar før koronaen) vore mogeleg å samle borna i samband med gudstenester. Også Lucia-feiringa blei avlyst, men i samband med denne vart det laga ei digital gudsteneste der born frå Shine deltok og Solfrid Storaker Lindøy formidla historia om Lucia. Dette vart ei fin markering av dagen sjølv om ein ikkje kunne samlast i kyrkja til Lucia-feiring og lussekattar.

Me nemner også spesielt kateketen og kyrkjelydspedagogen sitt arbeid i møte med barnehage

og skule. Påskevandringa 2020 blei avlyst grunna nedstenginga. I 2020 var 8 barnehagegrupper på besøk i Norheimsund kyrkje. Kateketen var på besøk i tre barnehageavdelingar på julesamling: 2 avdelingar i Norheimsund barnehage og ei avdeling i Tørvikbygd barnehage. 6 (4) skuleklassar har vore på besøk i kyrkja. Skulegudstenesta før jul blei gjort digital. Norheimsund Friskule deltok med julespel, song og musikk på denne i tillegg til soknepresten og organisten. Skulegudstenesta vart vist på Norheimsund skule og på Friskulen. Tørvikbygd skule hadde eigen skulegudsteneste før jul i Tørvikbygd bedehus.

I soknet blir det elles drive mykje godt barne- og ungdomsarbeid. Her vil ein spesielt trekkje fram Origo, Junior-Ving, Kraft RC, Kreare og barnekora Shine og Kvam Soul Children i tillegg til Norheimsund og Øystese Ungdomskor. Shine deltok på familiegudstenesta i oktober, medan Ungdomskoret si deltaking på Lysmessa 1. søndag i advent gjekk ut grunna koronanedstenging. Likevel laga staben til ei digital gudsteneste der nokre av konfirmantane deltok med tekstlesing og lystenning. Også denne gudstenesta bli ei fin markering av 1. søndag i advent.

Skuleåret 2019-2020 hadde Vikøy sokn 28 konfirmantar. Konfirmantane møttest jamleg frå september til mars til undervisningsøktar i Norheimsund kyrkje. Grunna pandemiutbrotet fekk ikkje konfirmantane vore på konfirmantleir slik en hadde planar om. I tillegg har konfirmantane møtt på sju gudstenester i løpet av konfirmasjonstida, samtalegudsteneste og konfirmasjon medrekna. Sidan koronapandemien kom for fullt våren 2020, blei konfirmasjonen utsett til september 2020. Denne gjekk av stabelen som planlagt då, og ein gjennomførte to gudstenester slik at det skulle bli plass til dei som ville kome innanfor grensa som då var 200 personar på gudsteneste.

Som nemnt innleiingsvis er «Trusopplæringsplanen» for barn og unge i alderen 0-18 år ambisjøs og omfattande. Ein har såleis stort sett halde seg til dei arrangementa ein har hatt ei stund og som ein har god erfaring med.

Diakonalt arbeid

Føremiddagstreffet har året 2020 vore litt i «dvale» grunna pandemien. På nyåret 2020 fekk ein samlast to gonger før nedstenginga. Hausten 2020 har ein hatt ei samling, men ut over dette har ein ikkje kunna invitert til «Føremiddagstreff» grunna strenge smitteverntiltak. I komiteen sit mellom anna Eimund Solsvik, Ove-Kjell Sakseid, Helga Synnøve Sørhus og Sigrid Karoline Eriksen-Tufteland. Nye «Føremiddagstreff» ser me altså fram til i 2021.

I samband med gudstenesta fastelavenssundag, tilrettelagt for menneske med nedsett kognitiv funksjonsevne, har diakoniutvalet i samarbeid med Kulturkontoret sendt ut brev med personleg invitasjon og hatt ansvar for kyrkjekaffien denne dagen. Ca 40-50 personar deltok på dette.

Dei som hadde mista nokon siste året, vart spesielt inviterte til gudsteneste helgemessesøndag i Norheimsund kyrkje fordi det er større plass i denne kyrkja med tanke på smittevernreglar. Mange hadde møtt opp for å vere med på denne gudstenesta som både markerte

helgemessesundag og bots- og bededag. I tillegg fekk også eit lite barn verte døypt den dagen.

Sokneprestane har også institusjonsandaktar i Norheimsund og Øystese, og desse har i periodar vore avlyste grunna nedstenginga, spesielt i mars, april og seinhaustes.

Diakonmedarbeidaren gjekk 1. august 2020 over i stillinga som kyrkjeverje for Kvam, og såleis har ein ikkje lenger ein eigen medarbeidar på diakoni i soknet. Me vonar likevel at det diakonale arbeidet kan halde fram og at ein etter denne pandemien kan få i gang att gode diakonale tiltak som no ikkje har late seg gjennomføre.

Kyrkjeklubben

Vi har i utgangspunktet kyrkjeclubb ein gong i månaden. Men i 2020 måtte vi etter korona-utbrotet avlyse dei fleste samlingane, slik at vi fekk samlast berre 5 gonger. Men vi har prøvd å halde kontakten på telefon og med brev. Vi har også hatt eit samarbeids-møte med leiinga for heradet sine tenester for menneske med utviklingshemming. Dette er ei gruppe som er sterkt råka av nedstengingane under pandemien.

Temakveldar

Soknerådet har invitert til to temakveldar hausten 2020. Den første var i torsdag 24.september med tema om sjølv-mord. Grete Lunde frå Kirkens SOS i Bergen hadde eit innlegg om temaet og om det å møte og snakke med menneske som er i vanskelege fasar i livet. Helga Synnøve Sørhus og Margareta og Odd Øygarden deltok saman med Lunde i ein panelsamtale etter føredraget om korleis det er å vere frivillig hos Kirkens SOS. Dette temamøtet bli sendt digitalt frå biblioteket i Norheimsund i samarbeid med Grannehjelpa. Temamøtet var ein del av Kvammaveko som har fokus på psykisk helse.

Om lag ein månad seinare kom biskop Halvor Nordhaug til Kvam og hadde ein temakveld med tittelen «Når tru møter tru: korleis lever me som kristne med dei som har i ana tru?» Dei vel 30 frammøtte fekk høyra ein engasjert biskop snakke om dette. Kvelden blei avslutta med ein samtale etterpå og ei kort kveldsbøn til slutt.

Kyrkjeringar

Norheim kyrkjering har ikkje vore i drift dei to siste åra, og pengane som kyrkjeringen hadde, har blitt overført trusopplæringsarbeidet. Tolo kyrkjering (møtestad på dåpsrommet) har 5 (9) medlemmer. Kyrkjeringen har som før spesiell omsorg for kyrkja både økonomisk og i bøn.

Misjonsarbeid

Ulike misjonsorganisasjonar er representerte med foreiningar og anna verksemd i soknet vårt. Kyrkjelyden støttar arbeidet med kyrkjeofringar og forbøn. Soknerådet har ein samarbeidsavtale, SMM-avtale, med HimalPartner. Me har forplikta oss til å orientera om og be for arbeidet dei driv. Kyrkjelyden vil spesielt hugsa på misjonærar som er ute for HimalPartner. I tillegg har ein jamleg orientering om arbeidet HimalPartner driv gjennom Kyrkjelydsbladet og at Ragnhild og Tore Skeie orienterer frå misjonsarbeidet på gudstenester. Minst ei gudsteneste i året skal vere ei misjonsgudsteneste. Minst fire gonger i året blir det

teke opp takkoffer til HimalPartner. Me er takksame for dei midla som vert samla inn og som me ser blir nytta til ulike tiltak som HimalPartner støttar.

Konsertar

Det har vore 2 (9) konsertar med ulike eksterne arrangørar i kyrkjene våre i 2020. Totalt har konsertane samla 299 (1432) tilhøyrarar. I tillegg har det vore halde 3 (3) konsertar/musikkandaktar i regi av kyrkjelyden med 123 (552) tilhøyrarar.

Kyrkjeblad for Kvam

Kyrkjebladet dekkjer Vikøy, Øystese og Ålvik sokn. Staben på kyrkjekontoret saman med Arne O. Øystese utgjer redaksjonsnemnda med kyrkjeverja som redaktør. Frå og med siste utgåva i 2020 er sokneprest Lars Arne Vik redaktør.

Kyrkjebladet kjem ut med 4 nr i året. Gåve-/frivillig abonnement er den viktigaste inntektskjelda til bladet i tillegg til nokre annonser.

Kyrkjebladet vil gjerne spegle av det som skjer i kyrkja i dekningsområdet, og i underkant av 4000 blad vert trykte og distribuerte for kvart nummer. Soknerådet vil få takke for den jobben redaktøren og redaksjonsnemnda har gjort for å gje lesarane i bygdene våre eit blad mange set pris på.

Soknerådet sin økonomi

Soknerådet sin økonomi er stabil. Rekneskapan syner stor nedgang i offer til andre organisasjonar/fasteaksjonen, men også ein nedgang i offer til eige arbeid. Dette heng truleg saman med koronasituasjonen der ein i periodar stort sett berre har kunna nytta digitale betalingsmåtar i tillegg til at det kjem inn mindre pengar når ein har digitale gudstenester og færre generelt er på gudstenester. Utgiftene har også gått ned, t.d. til møte og tilstellingar. Rekneskapan for 2020 gjev eit lite overskot på kr. 10550.

Kort oppsummering

Mesteparten av året 2020 har i sanning vore eit annleis år. Nedstenging, avlysing, restriksjonar og mangel på sosialt samvær har vore noko av det som har prega dette året. Då har ein kjent på tomrommet etter å kunna treffast og vere saman utan å frykta smitte og sjukdom. Likevel ser ein lyspunkt i ein vanskeleg situasjon. Tilsette, frivillige, konfirmantar og born har vore kreative, tatt i bruk kunnskap og evner til å lage i stand digitale sendingar som har vore viktige i ei tid då ein ikkje har kunna samlast fysisk. Såleis har året lært oss å fornye og utvikle oss, men også gjeve ei forståinga av kor viktig fellesskapet og det å samlast jamleg er for oss. Difor ser ein fram mot eit betre år i 2021.

Norheimsund, 12. mars 2021

For Vikøy sokneråd,
Ingvill Sørheim (leiar)